



## Språkhistorie

38 språkforskarar har samarbeidd om norsk språkhistorie i fire band, den fyrste komplette framstillinga sidan målsoga til Gustav Indrebø.  
**SIDE 8–9**



## Ny stadnamnlov

– På tide å bremse ei dårlig utvikling i forvaltninga av stadnamn, meiner mållagsleiar Magne Aasbrenn. Framlegg om ny stadnamnlov har vore ute på høyring.  
**SIDE 4**



## Innlandsnynorsk

Nynorskbrukarane i Innlandet går ei lys framtid i møte om vi skal tru politikarane i ordskiftet på vinterseminaret på Lillehammer.  
**SIDE 6–7**

# Norsk Tidend


medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 1  
februar 2019

## Kva vil vi med nynorsken?

To mållagsmedlemmer gjev sine syn på viktige spørsmål for nynorsken.

**SIDE 16–19**



## Når prinsippa tel

**NT** Kvifor er nynorsk viktig for meg, og korleis bør Noregs Mållag arbeide for å løyse nynorskens utfordringar? Så store spørsmål skal organisasjonen bale med fram mot landsmøtet neste år, der nytt prinsipprogram skal vedtakast for fyrste gong på 23 år.

**NT** Eg vonar dette nummeret av Norsk Tidend kan gje alle laga i organisasjonen inspirasjon til å diskutere prinsipielle spørsmål. Historikar Oddmund Hoel gjev oss eit historisk oversyn over prinsipdiskusjonar i Noregs Mållag, og medlemmene Rolf Theil og Jens Haugan gjev oss sine ulike svar på dei åtte spørsmåla prinsipprogramnemnda vår har laga.

Men kvifor er det viktig å vedta eit prinsipprogram ein kan vere sams om, tenkjer du kanskje. Grunnane til at me hegnar om nynorsken, er jo så forskjellige.

**NT** Eit svar er dette: For at Noregs Mållag skal vere ein så sterk organisasjon som råd, må me ha nokre felles retningslinjer i kampen for nynorsk. Me ser til dømes at nynorsken i stadig større grad er i ein utsett posisjon som det minst brukte av dei to offisielle norske språka i Noreg. Til dømes lever mange av nynorskelevane i skulen med læremiddel på bokmål. Det gjer det vanskelegare å vere nynorskbrukar. Gjennom prinsipprogramdiskusjonar avgjer me korleis Noregs Mållag skal argumentere for kvifor dette er feil og må gjerast noko med. Måten me argumenterer på, kan vere heilt avgjerande for om me vinn fram.

Lukke til med diskusjonane!

ASTRID MARIE GROV

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Astrid Marie Grov,  
astrid.grov@nm.no,  
tlf. 23 00 29 32

**I redaksjonen:**  
Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** [www.nm.no](http://www.nm.no)

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no

Både sentralt og på lokalplan må Noregs Mållag jobbe for at regjeringspartia no gjer det uforpliktande til plikt.

# Kunsten å gjennomføre

**DEN FØRSTE DELEN** av det nye året 2019 retta vi i målrørsla mykke merksem til dei gule bygningane til Granavolden Gjæstgiveri på Hadeland.

Der var fire parti samla for å skrive regjeringserklæring. Det verka som eit merkeleg samantreff at forhandlingane om ny politikk for framtida til nynorskken skulle skje berre eit snøballkast frå grava til han vi feira i det førre året, Aasmund Olavsson Vinje. Den første etter Aasen som tok landsmålet i bruk, ligg som kjent gravlagd ved Søsterkyrkjene på Granavolden.

**DA DET BLEI** klart at Kristeleg Folkeparti kunne komme inn i den nye regeringa, var det i utgangspunktet grunn til å vente ein enda meir nynorskvennleg politikk. Kristeleg Folkeparti gjekk inn i stortingsvalet 2017 med mange gode lovnader om språk. Blant anna har partiet i det gjeldande programmet at dei vil sikre to likestilte målformer, og at elevar må bli introduserte for sidemål tidlegare i skulelopet enn slik det er i dag.

Inn mot firepartiforhandlingane på nyåret skar vi bodskapen vår ned til fem krav: Vi ville ha ein offensiv språkpolitikk for både bokmål og nynorsk, og vi ville ha signal om betring av sidemålsundervisninga. Så ville vi at 12-åringar skal få halde fram i eigen nynorskklasse ut ungdomsskulen, og at nynorskelevar skal ha lik rett til digitale læremiddel. Siste hovudkrav var retten til læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar.

**FORHANDLINGANE PÅ HADELAND** trekte ut, og eg må medgi at eg blei ureleg. Kor utsette var eigentleg dei gode formuleringane frå den eitt år gamle Jeløya-erklæringa? Der heitte det blant anna at «Regjeringen vil sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for de offisielle språkene i Norge og de to likestilte målformene i norsk».

Da regierungserklæringa frå firepartiregierunga endeleg kom, var det grunn til å bli letta, sjølv om det som kjent ikkje var brukbar målpolitikk som tok avisoverskriftene.

**NÅR VI I** Noregs Mållag saumfer dokumentet, ser vi at vi bør vere relativt nøgde. Dei gode setningane frå den førre erklæringa er urørte. Det står framleis til dømes at regjeringa skal «vurdere tiltak for å styrke hoved- og sidemålsopplæring for tidlige alderstrinn.» I tillegg har to viktige, nye kule-

**NT LEARTEIGEN**

MAGNE AASBRENN

*leiar i Noregs Mållag*



punkt komme inn på Hadeland: «Utrede språkdelt ungdomsskole» og «Sikre retten til læremiddler på begge målformer».

Dermed har faktisk den nye plattforma innfridd fire av fem krav frå målrørsla, ja, kanskje alle fem om ein reknar retten til læremiddel på begge målformer til også å omfatte vaksne innvandrarar.

**SÅ ER DET** slik at ein ikkje skal undervurdere språkmedvitnet hos medlemmene i Noregs Mållag. Lesarane ser med ein gong kvar det ligg ein hake i optimismen. Han ligg i valet av verb frå forhandlarane. Det står ikkje at regjeringa skal «gjere» tiltak, nei, dei skal «vurdere» tiltak. Og dei skal ikkje «innføre» språkdelte ungdomsskule, nei, dei skal «utrede» det.

Dette er typiske forhandlingsuttrykk der partane er blitt samde om noko på overflata, men der dei gjerne kan vere usamde når det gjeld kva den overflatiske semja skal føre til. Dei av forhandlarane som eigentleg ikkje veit om dei vil ha språkdelte ungdomsskule eller tidleg start med sidemål, har gjort som reven og late ei språkleg bakdør stå ulåst. Uforpliktande verb gir dei høve til å stikke av frå lovnaden om det skulle røyne på.

Dette er skuffande, men vi nynorskbrukarar treng ikkje vere snurte fordi det berre er vi som er utsette for «lure» verb og «bakdørpolitikk». I Granavolden-erklæringa er ordet «utrede» brukt 38 gonger og «vurdere» brukt 119 gonger. Her er det fullt av bakdører!

Likevel må vi ta til oss formuleringane i regieringsplattforma som ein siger, for om dei ikkje hadde vore der, så hadde vi ikkje hatt noko å bygge på i påverknadsarbeidet framover. Nå har Hadeland-forhandlingane gitt oss eit grunnlag til å utfordre regjeringa dei kommande åra. Både sentralt og på lokalplan må Noregs Mållag jobbe for at partia gjer det uforpliktande til plikt.

Første mål blir statsbudsjettet for 2020. Alt i




Foto: Ukjend/Nasjonalbiblioteket

«Utrede»?

byrjinga av mars kan vi vente at firepartiregjeringa har budsjettkonferanse. Til da har vi inga tid å miste.

**NÅR DET GJELD** digitale læremiddel, må vi arbeide for å sikre at appar som blir brukte i skulen, blir rekna som læremiddel og er støtteverdige. Vi må også sørge for at løvningane til slike læremiddel er gode nok, slik at ikkje noko kjem ut på marknaden berre på bokmål fordi læremiddelstøtta ikkje strekte til.

Når det gjeld språkdelte ungdomsskule, så må vi jobbe for å få framdrift i utgreininga, slik at saka ligg klar og Stortinget kan vedta ei finansiering av oppstart med eigne klassar for nynorskelevane på 7. trinn frå hausten 2020.

**AASMUND OLAVSSON VINJE**, nærmaste nabo til regjeringsforhandlingane, skreiv eit langt minneord om den sentrale politikaren Anton Martin Schweigaard som døydde i 1870. Der rosa Vinje Schweigaard for at han var ein politikar som ikkje «saag ut til å hava fleire ideal enn han kunne gjennomføra». Oppgåva vår framover blir å passe på at også sentrale politikarar i 2019 greier kunsten å gjennomføre ideala.

*Da regjerings-  
erklæringa frå  
firepartiregjeringa  
endeleg kom, var  
det grunn til å  
bli letta.*

I år har eg mange små ting å vere stolt av. Blant anna har eg sendt ut dei første håndskrevne julekorta frå Louis Vuitton på nynorsk. Nokon gong. Det synest eg er fint.  
**@toradahlheim** på Twitter

Det er veldig smart å være god i nynorsk, fordi du blir elsket på Vestlandet.

**Sigrid Bonde Tusvik**  
på **Eides språksjov**

Ditt nyttårsforsett: Ikkje endre namn på det du er sjef for til noko som kan minne om Creo, Vestland, Equinor, OsloMet tankestrek Storbuniversitet eller for den del Mowi, Norec, Mesta, Ruralis, Fjord kommune eller Bane NOR SF.

Kom igjen. Dette greier du.  
**@jenskihl** på Twitter

Om Emmylou Harris hadde vore norsk, er eg sikker på at ho hadde snakka nordfjorddialekt med deilig rullje-r. Ho og Gram Parsons ville ha framført songar på nynorsk som den mest naturlege tingen i verda. Kjærleiken gjer vondt.

Nynorsk er litt country. Litt levd liv.

**@kvifor20** på Twitter

Tenkjer på rundt påske i fjar da eg sat på toget og nokon like ved meg snakka om kor teit det var å måtte lære nynorsk. Rett bak dei sat ein tydeleg oppgitt Kjartan Fløgstad og prøvde å halde seg i feriemodus.

**@magloken** på Twitter

Nei, skulle eg ha sendt ei melding til emneknagen #NRKsjakk og liksom klaga over at eg ikkje får gjort husarbeid, bakt bollar, lufta ungane, teke ein skitur, hylla Ivar Aasen, mata katten og sjekka prosta, i håp om å kome på skjermen?

**@FinnTokvam** på Twitter

Tenk om det ble oppdaget, i en Dan Brown-aktig twist, at Ivar Aasen egentlig elsket bokmål. Hvor langt ville det nynorsk-industrielle kompleks gått for å begrave hemmeligheten?

**@radjostein** på Twitter

Staten ikkje i mål med mål-mål  
**VG om 25 prosent-målet i lovverket**

Trur mogelegvis eg skal byrja å tvitra litt på nynorsk i tjuenitten, då verkar eg meir som ein seriøs type.  
**@haavsand99** på Twitter

# No har Os kommune flest nynorskelevar

Talet på **nynorsk-elevar** i kommunen sør for Bergen auka med 170 i haust.

– Kva er det du seier? Er me største nynorskkommune?! seier Marie Elisabeth Lunde Bruarøy (H) på telefonen når Framtida.no ringjer. Ho er varaordførar i Os.

Nye tal frå Utdanningsdirektoratet fortel at Os kommune rasar forbi Hå og Stord. Sistnemnde har vore største nynorskkommunen i fleire tiår, men vart i fjar forbigått av tilflyttarkommunen Hå på Jæren. No i haust gjekk også Os forbi.

– Me er jo ein vekstcommune, så det har nok med det å gjera. Som nynorskforkjempar gler det hjartet mitt at dei nye innbyggjarane våre vel nynorsk til barna sine. Eg skal kjempa for nynorsken så lenge han er ein viktig del av norsk kultur,

seier høgropolitikaren.

Eldbjørg Kræmmer i Os Mållag er òg strålende nøgd med veksten i nynorskelevar.

– Heilt fantastisk! Me er heldige som har mange flinke lærarar, og foreldre som vel nynorsk for barna sine, trass stort press frå Bergen, seier ho.

## Større konkurranse

Varaordføraren legg til at kommunen skal følgja lova og gi bokmål til dei som ønsker det, men forventar fleire nynorskbrukarar i framtida.

– Og større nynorskkommune skal me bli, når me slår oss saman med Fusa i 2020, legg ho til.

Men den nye Bjørnefjorden kommune får konkurranse av dei nye storkommunane Ålesund og Sunnfjord.

Talet på nynorskelevar i Noreg er dette skuleåret 76 137. Det er ein nedgang på 215 elevar.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER  
framtida.no




**FORNØGD:** Marie Elisabeth Lunde Bruarøy er varaordførar i kommunen med flest nynorskelevar.

Foto: Erlend A. Lorentzen / Os kommune

## Her er dei 15 kommunane som har opplevd største auke i talet på nynorskelevar i år:

Kommune	Nynorskelevar i 2017/18	Nynorskelevar i 2018/19	Auke
Os	2490	2660	170
Sund	845	938	93
Hå	2512	2589	77
Eid	771	806	35
Klepp	1619	1652	33
Osterøy	787	814	27
Sauda	521	547	26
Strand	905	931	26
Fjaler	346	368	22
Gaular	421	438	17
Hjelmeland	332	348	16
Rennesøy	173	189	16
Tysvær	451	467	16
Hareid	611	627	16
Sula	1252	1268	16



**KRITISK:** – Norske stadnamn må følge rettskrivinga, meiner mållagsleiar Magne Aasbrenn.

Foto: Noregs Mållag

## Kritisk til forvaltninga av stadnamn

Noregs Mållag er usamd i nytt framlegg til **stadnamnlov**.

Lovverket vårt har lenge sikra to viktige prinsipp i forvaltninga av norske stadnamn: Stadnamn skal ha ei einsarta rettskriving, og rettskrivinga skal vise den språkhistoriske tilblivinga av namna.

Dei siste åra har det skjedd fleire endringar i stadnamnlova som set desse prinsippa til side, og regeringa har no føreslege endå fleire justeringar i den same retninga. Noregs Mållag er særleg kritisk til at det i flere tilfelle skal lempast på at stadnamn skal følge den gjeldande rettskrivinga, og at kommunane skal ha større fridom til å vedta ulike skrive-

måtar på ulike namneobjekt som kjem av same namnet.

Leiar Magne Aasbrenn seier at det er på høgtid med ein ny kurs i forvaltninga av stadnamn.

– Stadnamna våre bind oss saman og er ein svært viktig del av kulturarven vår, og det viser att i måten vi skriv dei på. Noregs Mållag meiner det er svært uehdig at regeringa opnar for at rettskrivinga ikkje skal følgjast i stadnamn. Å skrive det same norske stadnamnet Voll, Wold og Vold er ikkje ønskjeleg, men det blir resultatet av den kurset styresmaktene no har valt for forvaltninga av stadnamna.

Høyringa for endringane i stadnamnlova var over i januar. Det er venta at departementet leverer eit endeleg lovframlegg til Stortinget i løpet av året.

# Nynorskelevar i Noreg



## Nynorskens hus

Hordaland Teater får éin million kroner i året for å skapa **Nynorskens hus i Bergen**.

Byrådet, Senterpartiet og ein uavhengig representant i bystyret sikra fleirtal for vedtaket i bystyret i Bergen 19. desember.

Det er gamle Logen bar i Bergen som blir arena for nynorsk kultur og samtal, har *Bergens Tidende* skrive tidlegare.

Teatersjef Solrun Toft Iversen ved Hordaland Teater meiner at Logen no blir eit urbant forsamlingshus midt i Bergen sentrum, og at dette berre vil understreka at byen er nynorskens hovudstad.

– Her blir det samtalar, quiz, forteljarstunder, talkshow, konserter og liknande. Mange vestlandsprofilar blir med. Me kan òg bruka storsalen til å utvikla nye konsept.

## Nynorsk næringslivspris til Sogndal Fotball

Fotballklubben vart heidra av Noregs Mållag under ein treningskamp i Sarpsborg i desember.

– Når Sogndal Fotball gjenomført brukar nynorsk, gir det eit signal til alle dei møter på sin veg i norsk toppfotball, om at nynorsk er eit heilt kurant skriftspråk på alle arenaer i Noreg, sa leiar i Noregs Mållag då han delte ut prisen.

Sogndal Fotball er den tiande

vinnaren av Nynorsk næringslivspris, og klubben sette stor pris på utmerkinga.

– Denne prisen er me utrleg glade for. Både nynorsk og sognemål er ein viktig del av vår identitet, sa Håvard Flo, sportssjef i Sogndal.

I juryen sat Arne Hjeltnes, Olin Johanne Henden, Nina Berge Rudi, Øystein Skjæveland og Magne Aasbrenn.



**PRISVINNER:** Håvard Flo i Sogndal Fotball tok imot nynorsk næringslivspris av mållagsleiar Magne Aasbrenn.

Foto: Lotte Olsen Jessa / NRK



Arve Uglum Foto: Christian Blom / NRK

## Språkpris til «Der ingen skulle tru»-programleiar

**Arve Uglum**, som er programleiar for NRK-suksessen «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu», får pris for språkbruken sin.

Han er tildelt Kringkastingssjefens språkpris, som kvart år går til ein NRK-medarbeidar som utmerker seg med god språkbruk.

Juryen meiner forteljarstemma til Uglum har ein tydeleg identitet, og at han bruker eit nært og kvardagsleg, men òg utforskande og originalt språk, ifølgje NRK.

Uglum er frå Sogn, og på lufta bruker han nynorsk.

– Eg er midt imellom nynorsk og dialekt. Med ein såpass sær dialekt skulle ein tru det kom reaksjonar. Men eg har ikkje fått nokon som gjeld dialekten min, seier han til NTB.

Juryen omtalar språket hans som «sobert», «lavmælt» og «tilbaketrukket».

– Målet er å stikke meg minst mogleg fram. Då sparer eg verda for mykje unødvendig mas, seier Uglum sjølv.

«Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» er ein norsk dokumentarserie som har gått på NRK sidan 2002. Oddgeir Bruaset leidde programmet fram til 2014, før Uglum tok over.

I programmet får vi innblikk i kvarlagslivet til folk som bur på aude og uvanlege stader.

NPK

## Søk støtte til nynorsk journalistikk fra Vinje-fondet

**Nynorsk kultursentrum** leiter etter deg som treng pengar til å styrke nynorsk journalistikk eller anna publistisk verksamhet på nynorsk.

Vinje-fondet prioriterer tiltak som er handlingsretta og som gjeld domene, sjangrar, medium der nynorsk er lite brukt og som når ut til mange leserar, skriv Nynorsk kultursentrum på nettsidene sine. På nettstaden kan du lese meir om utlysinga og laste ned søknadsskjemaet. Søknadsfristen er 15. april.

## Eli Kari Gjengedal får Kringkastings- prisen for 2018

**Kringkastingsprisen** har blitt delt ut sidan 1978. Prisen skal gå til ein person som utmerker seg med godt språk i radio eller fjernsyn og som på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet.

– Det er få tema som opptek nordmenn meir enn været. Om det bles stiv kuling eller kjem inn lågtrykk sør for Stad, meldingar om været blir det lytta til. Då er det godt med trygge dialektbrukarar som kan løse oss gjennom stormen. Det har prisvinnaren gjort i ei årrekke, heiter det i grunngjevinga frå styret i Kringkastingsringen.

Gjengedal kjem frå Leikanger i Sogn og Fjordane og er vêrmeldar på TV 2 for Storm Weather Center. Ho har også vore programleiar i NRK for programmet Værbiitt. Frå 2014 har ho vore redaksjonssjef for vêrmeldinga i TV 2.

Kringkastingsringen skriv vidare at prisvinnaren gjennom yrkeslivet har vore trygg på dialektbruken.

– På klingande sognemål har ho



**PÅ SOGNEMÅL:** – Gjengedal er ein trygg dialektbrukar som losar oss gjennom stormen, meiner juryen.

Foto: Scanpix

meldt om regn, sol, sludd og frisk bris. I tillegg til å vere eit kjent og kjært innslag i fjernsynsruta har lesarar av Dagbladet si helgeavis i fleire år hatt glede av å lese ei spalte signert prisvinnaren.

Anne Lognvik, Arill Riise og NRK Super er vinnarar dei tre føregåande åra.

## Mållaget markerer det nasjonale bokåret

**Noregs Mållag** har fått 150 000,- i stønad av Nasjonalbiblioteket i samband med det nasjonale bokåret 2019. Pengane skal brukast til litteraturformidling på nynorskstafetten i Møre og Romsdal til hausten.

Dagleg leiar Gro Morken Endresen er svært glad for pengestøtta.

– Mange av kommunane i Møre og Romsdal slår seg saman i 2020,

og vi vil gjerne kome og snakke om korleis nynorsk og nynorskbrukarane kan sikrast i dei nye storkommunane. Den ekstra løvyinga gjer at vi får ein endå betre stafett. Vi skal mellom anna skipe forfattarmøte, så det er berre å gle seg til vi kjem.

Både Nynorsk kultursentrums og Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) har også fått pengar til å fremje nynorsk litteratur. Mellom anna skal dei saman vitje barn og unge i nynorskområde gjennom prosjektet Heile Noreg les.

## Linda Eide er årets hordalending

Forfattar og journalist Linda Eide er kåra til årets hordalending 2018 av Hordaland fylkeskommune. Prisen er eit diplom og 50.000 kroner.

Linda Eide blir heidra som ein sterk kulturberar og formidlar av det norske språket og særskilt det nynorske. Ho har evne til å sjå både med auga og med hjartet og gjer det ordinære om til noko underfundig og attkjenneleg for mange. Ho har ei eiga evne til å ta vanskelege ord ned til eit folkeleg nivå og formidle bodskapen på ein humoristisk måte og til ettertanke, meiner Hordaland fylkeskommune.

– Dette er veldig inspirerande. Eg har alltid likt fylkeskommunen, men visste ikkje at fylkeskommunen likte meg, seier Linda Eide som vil gi prispengane til attreisinga av Pederhuset på Breim i Gloppen, som musikar Sigrid Moldestad står bak. Det skal bli eit lokalt kulturhus for formidling av folkemusikk. Peder Råd var læremesteren til Moldestad.

Med prisen Årets hordalending ønskjer Hordaland fylkeskommune



**GÅVMILD:** Årets hordalending Linda Eide gjev vekk prispengane til kulturhus i Gloppen.

Foto: Noregs Mållag

å løfte fram dei eller den som gjer ein ekstraordinær innsats for fylket. Dette skal vere ekstraordinære prestasjoner, handlingar og engasjement hos personar, lag, foreiningar eller verksemder med tilknyting til Hordaland.

NPK

# Lovande for nynorsken i Innlandet

Politikarane i **Innlandet** vil verne om nynorsken. Det gjeld i allfall dei som deltok i ordskifte i regi av Noregs Mållag på Lillehammer i januar.

**26. OG 27. JANUAR** var Mållaget samla til vinterseminar på Lillehammer, og eit av høgdepunkta var eit ordskifte om nynorskens plass i storfolket Innlandet. Noregs Mållag har vore uroleg for at nynorsken i Oppland skal li under ei samanslåing med Hedmark.

Fem opplandspolitikarar stilte, frå SV, MDG, Sp, FrP og Venstre, og alle meinte fylkeskommunen må

## FAKTA:

■ 1. januar 2020 slår Oppland og Hedmark seg saman til Innlandet.

■ Oppland har lang tradisjon for nynorsk i Gudbrandsdalen og i Valdres.

■ Hedmark har korkje nynorsk-kommunar eller nynorsk i bruk i skulen.

■ Fylkeskommunane er ikkje omfatta av mållova og har ikkje lovpålagd plikt til noko slags målbruk.

■ Mållaget meiner det må vere retningslinjer som sikrar at Innlandet brukar nynorsk.



**SAMDE OM NYNORSK:** Morten Ørsal Johansen frå FrP og Anne Lise Fredheim frå SV var samde om at det trengst tiltak for å styrke nynorsken i Innlandet.

Foto: Noregs Mållag



**GURO KVALNES**  
Leiar i Kringkastingsringen

## Vil regjeringa rasere NRK?

**EI NY REGJERINGSPLATTFORM** kan bety så mangt, og journalistane spring i flokk etter dei sakene som skapar mest harme. I denne runden var det nok utnemninga av Kjell Ingolf Ropstad som barne- og familieminister og tildelinga av vetorett til KrF i saker som gjeld bioteknologilova, som klart stakk av med mest spalteplass. Rett og rimeleg på eitt nivå. Men skummelt på eit anna.

**FOR NÅR DET** brenn fleire stader i huset, hjelper det ikkje å sløkkje brannen berre på kjøkenet. Me i Kringkastingsringen var difor glade for at Trond Giske sist veke sette mediepolitiken til den nye regjeringa under lupa.

**FOR I DEN** politiske plattforma som den nye regjeringa legg til grunn for arbeidet sitt, står det at dei skal «arbeide for at NRK i minst mulig grad svekker aktivitetsgrunnlaget til medier som henter sine inntekter i markedet».

**DENNE FORMULERINGA ER** tufta på oppfatninga om at NRK er direkte skadeleg for dei privateigde medieselskapene. Teorien går ut på at det ville vere enklare å tene pengar på ei nettavis om ikkje NRK hadde ei gratisløsing. Det dette politiske standpunktet galant hoppar bukk over, er at dette er eit spørsmål om mediemangfald. Grunnen til at land held seg med statskanalar, er at dei støttar viktige samfunnsoppgåver.

**TO ULIKE STORTINGSMELDINGAR** har slått fast at NRK er viktig for mediemangfaldet, og at dei ikkje tevlar med dei privateigde medieselskapene. Seinast i fjar slo Medietilsynet dette fast med rapporten NRKs bidrag til mediemangfaldet. Likevel gjekk Schibsted, Aller, Amedia, Polaris, NHO og Mediebedriftenes Landsforening i fjar haust hardt ut mot eit sterkt og statsstøtt NRK og meinte dei burde leggje ned nettavis si. Det er denne giengen som no har fått gjennomslag i den nye regjeringsplattforma.

**I DANMARK HAR** synspunkta blitt realpolitikk. I fjar vart det klart at 400 tilsette måtte gå i Danmarks Radio etter eit kutt på nesten ein halv milliard. I tillegg skal drifta leggjast om frå å vere ei brei medieverksemd til å sikte seg meir inn på nisjane. Denne massakren starta, akkurat som punktet i den nye regjeringsplattforma, med kritiske røyster internt i mediebransjen.

**NRK ER VIKTIG** for mediemangfaldet i Noreg. Ein diskusjon om framtida til statskanalen må dreie seg om dét, ikkje om den kommersielle mediemarknaden. Når ferske offentlege rapportar slår fast at NRK ikkje tråkkar andre på tærne, er det ingen grunn til å gripe inn korkje i finansiering eller redaksjonell profil.

**DET EINASTE DEN** nye regjeringa oppnår med dette punktet, er å legge grunnlaget for tilsvarende kutt i NRK som i fjar vart gjort i Danmarks Radio. Men det er kan hende det denne regjeringa ynskjer? Me i Kringkastingsringen forventar at regjeringa legg vekt på kva som er best for borgarane i møte med media, og ikkje styrer mediepolitikken med ideologiske skyllappar.

ta ansvar for nynorsken og nynorskbrukarane. Målbruken både i fylkeskommunen og ute i skulen var eit tema under ordskiftet.

Anne Lise Fredlund er fylkestingsrepresentant for SV, og ho var mellom anna uroleg for målbytesituasjonen.

– Vi har ingen politikk for å få elevar til å halde på nynorsken. Det meiner SV er ei svakheit, sa ho.

Ho fekk støtte frå Johannes Wahl Gran frå MDG, som særleg tok opp læremiddelsituasjonen for nynorskelevane.

– Tre fjederedelar av lærarane synest det er vanskeleg å finne digitale ressursar på nynorsk, slik kan vi ikkje ha det, meinte han.

### Tilsette må meistre nynorsk

Magnhild Strand frå Sp fortalte at samanslåinga med eit fylke utan nynorsk i offentleg bruk allereie hadde vist seg.

– Hedmark ville eigentleg at fylkeskommunen skulle ha bokmål som administrasjonsspråk, og det vart eit ordskifte for å få gjennom at det skulle vere nøytralt.

Av partia som møtte, er Frp det einaste som ikkje har nedfelt at dei vil gjøre tiltak for å styrke nynorsk i partiprogrammet sitt. Stortingsrepresentant Morten Ørsal Johansen sa seg likevel samd med dei andre partia i at fylkeskommunen treng ein målbruksplan, og at framlegga frå Noregs Mållag til målbruk i fylkeskommunen kunne takast inn. Han snakka òg varmt om nynorsk frå ein personleg ståstad.

– Oppland har mange i administrasjonen som er flinke i nynorsk.

– Oppland har mange i administrasjonen som er flinke i nynorsk.



– Vi må bli flinkare til å seie at vi ventar at dei tilsette meistrar nynorsk, sa ho.

– Vi må bli flinkare til å seie at vi ventar at dei tilsette meistrar nynorsk, sa ho.

*– Oppland har mange i administrasjonen som er flinke i nynorsk.*

*Dei må vi spele på vidare.*

**Stortingsrepresentant  
Morten Ørsal Johansen (Frp)**



# Norsk språkhist

Den fyrste komplette framstillinga over norsk språkhistorie på nesten sytti år er ferdig. Hovudredaktør Agnetha Nesse meiner *Norsk språkhistorie I–IV* er banebrytande på fleire måtar.



**REDAKTØR:** Agnetha Nesse er ein av hovudredaktørane for Norsk språkhistorie.

**MEDAN DET FØRRE** store oversynet over norsk språkhistorie, Gustav Indrebøs *Norsk Målsoga* frå 1951, i stor grad var eit einmannsprosjekt, er *Norsk språkhistorie I–IV* så langt unna det det går an å kome. Heile 38 språkforskarar har gått saman om å skrive storverket i fire band, og nordiskmiljøa ved dei fleste universiteta og høgskulane er representerte. Nett dét meiner ein av hovudredaktørane, Agnetha Nesse, er ein stor fordel.

– Det har vore eit mål for oss at representantar frå alle greiner av nordisk språkvitskap skal med, i den grad vi har hatt plass. Så både

den tradisjonelle diakrone språkhistoria og den moderne tekstlingvistikken er representerte. Sjølv om forfattarane har fått beskjed om kva dei skal skrive, har dei samstundes fått ganske fridom i korleis dei vil utforme tekstane.

## Meir enn norsk språk

Nesse er professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen, og ho har delt jobben som hovudredaktør med Helge Sandøy, professor emeritus den same staden. Saman har dei jobba med språkhistoria i nesten 10 år, godt hjelpte av ei fast redaksjonsgruppe, særredaktørar for kvart band og ein redaksjonssekretær. I januar vart alle fire banda lanserte på ei markering på Nasjonalbiblioteket i Oslo, der forskings- og høgare utdannings-minister Iselin Nybø heldt helsingstale.

Agnetha Nesse seier det var på høg tid å få ut eit moderne språkhistorieverk.



– Det er mykje godt å seie om målsoga til Indrebø, men ho går berre fram til Ivar Aasen, og det er nesten sytti år sidan ho kom ut. Så det fanst rett og slett ikkje eit oppdatert språkhistorieverk i Noreg. Det er det mange som har blitt overraska over å høyre, for i dei fleste land er det vanleg å ha.

Nesse seier at noko av den store skilnaden mellom dette og tidlegare verk, er at *Norsk språkhistorie* femnar om fleire språk enn det norske.

– Til dømes er målsoga skriven i ei anna tid, då nasjonsbygginga var eit uttala mål, og språkhistorie berre handla om norsk språk. Hjå oss har nasjonsbyggingsbiten blitt tona ned, samstundes som vi har med framstillingar av

*Det er mykje godt å seie om målsoga til Indrebø, men ho går berre fram til Ivar Aasen, og det er nesten sytti år sidan ho kom ut.*

**Agnetha Nesse**



# torie på dugnad

andre språk som lever og har levd her i landet, til dømes samisk, romani, kvensk og norsk teiknspråk. Desse språka fekk til dels hard medfart under nettopp nasjonsbygginga, og det har det vore viktig for oss å få fram.

Agnete Nesse fortel at språkhistoria også femnar breitt innanfor norsk språk.

– Terminologi og fagspråk er det ikkje så vanleg å ha med i språkhistoriske framstillingar, men hjå oss har denne faggreina fått eit eige kapittel.

Ulik Indrebø er også at framstillinga i *Norsk språkhistorie* hovudsakleg ikkje er delt inn etter tid, men etter tema. Det har gjort det lettare å involvere forfattarar som ikkje har jobba så mykje med språkhistorie før, fortel Nesse.

– Somme av bidragsytarane har blitt litt overraska når dei har blitt spurde om å bidra i ei språkhistorie, for dei har aldri rekna seg sjølv som språkhistorikarar. Men mange opplevde at det å jobbe med tekstane gav dei nye faglege interesser og inspirasjon til å forske på nye problemstillingar. Sjølv har eg også lært veldig mykje nytta som redaktør av band IV.

## Godt samarbeidsklima

Det har ikkje vore noko problem å få fagfolk til å bidra til språkhistoria, fortel Nesse. Men gjennomsnittsalderen på bidragsytarane er ganske høg, og årsaka til det er økonomi.

– Vi har fått lite ekstra forskingsmidlar til arbeidet, så vi har mått engasjere fagfolk med fast stilling og såleis forskingstid dei kan bruke. Det er det ikkje så mange ned i 30-åra som har, så vi må berre innromme at dette ikkje er noko ungdomsverk.

I løpet av prosessen har skribentane delteke på skriveseminar der tekstane har blitt kommenterte og justerte. Nesse er nøgd med korleis samarbeidet med bidragsytarane har fungert.

– Forfattarane har til dels ganske ulik skrivestil. Lesarane vil nok merke at somme er lettare og andre tyngre å lese, men vi har jobba ganske mykje med tekstane undervegs for å få dei til å bli likare. I den prosessen har forfattarane, uavhengig av alder, vore lydhøyre og villige til å ta imot innspela dei har fått. Alle har hatt veldig lyst til å vere med på prosjektet, og det har vore positivt for samarbeidsklimaet.

Når det gjeld sjølve rettskrivinga, har forfattarane fått skrive akkurat så radikalt eller konsernativt dei vil, fortel Nesse.

– Vi har villa at språkhistoria skulle reflektere breidda i synet på rettskriving blant nordistar. Eg har sjølv skrive bilettekstane og såleis fått mykje større innsikt i variasjonen i rettskrivinga enn eg hadde frå før, ler ho.

Vel halvparten av tekstane er på nynorsk, og hovedredaktørane har fått kritikk for at det er fleire enn bruksfordelinga i samfunnet skulle tilseie. Nesse meiner det har si forklaring.

– Blant nordistar har nynorsk rett og slett ei sterk stilling.

Agnete Nesse vonar den nye språkhistoria ikkje berre blir bruk i høgare utdanning, men også blant praktiserande lærarar.

– Eg meiner lærarar i skulen kan finne mykje inspirasjon til god undervisning i språkhistoria.

*Norsk språkhistorie* har som mål å gje eit komplett oversyn over norsk språk, men

det er ikkje eit verk for nybyrjarar, meiner Nesse.

– Vi legg til grunn at ein må gjennom ei meir grunnleggjande innføringsbok først, til dømes krev framstillinga vår ei viss innsikt i grammatiske terminologi. Når det er sagt, er ikkje språkhistoria umogeleg å lese for andre heller. Far min på 86 har ikkje språkfagleg bakgrunn utover vidaregående, og han held på med det eine bandet no. Så lenge ein tek seg tid, kan nok svært mange ha glede av å lese *Norsk språkhistorie*.

ASTRID MARIE GROV  
astrid.grov@nm.no

*Eg meiner lærarar i skulen kan finne mykje inspirasjon til god undervisning i språkhistoria.*

Agnete Nesse

# Leverer innspel til ny språklov

Ei ny språklov er på trappene. – Lova må gje nynorsk og nynorskbrukarane eit meir eksplisitt vern, meiner Noregs Mållag.

Kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande har varsla at det kjem ei ny språklov, og der skal mellom anna den noverande mållova takast inn.

#### – Sektorovergripande

Leiar Magne Aasbrenn i Noregs Mållag meiner politikarane no har ein sjanse til å gjere alvor av lovnader om å styrke nynorsk.

– Fleire stortingsdokument og offentlege rapportar, mellom dei ein heilt fersk rapport frå Språkrådets framtidsutval, har peika på at det må gjerast ein særskilt innsats for å styrke nynorsk som bruksspråk. Mållova er vel og bra for å sikre jamstilling mellom målformene, men nynorsken treng rett og slett meir enn som så.

Det er venta at departementet fremjar ein lovproposal til Stor-

tinget i løpet av året, og Mållaget har allereie levert innspel til Kultur- og likestillingsdepartementet. Mellom framlegga frå organisasjonen er å gjere nynorsk til eit tema allereie i føremålsparagrafen i den nye språklova, gjennom formuleringa «Lova skal styrke norsk språk og særleg styrke nynorsk som det minst brukte av dei to norske språka.» Aasbrenn meiner språklova er eit høve til å gjere norsk språkpolitikk sektorovergripande.

– Språklova bør heilt klart gjelde fleire enn berre staten, for det er ein mangel ved den noverande lova. Vi ser at nynorskbrukarane lir under å vere i mindretalsposisjon også på andre samfunnsmålområde. Dersom vi får ei lov som sikrar nynorskbrukarane på ein meir eksplisitt måte, vil mykje kunne løyse seg for nynorskbrukarane, til dømes i skulen.

#### Mållova må strammast til

I dag er ikkje kommunane omfatta av mållova. Det meiner også Mållaget bør endrast.

– Vi ønskjer at kommunane i større grad skal forplikte seg til ikkje å svekkje nynorsk, mellom anna gjennom språkbruksplanar både for skulen og kommunen elles.

I innspela til departementet har Noregs Mållag også peika på manglar i lovverket for målbruka i staten.

Magne Aasbrenn meiner visse område blir spesielt skadelidande av eit mangefullt lovverk.

– Slik mållova ser ut i dag, blir bokmål tenestemålet for statsorgan som dekkjer både Agder fylke og Innlandet fylke neste år, til dømes fylkesmennene. Det vil gå hardt utover kåra for nynorsk i desse fylka. Lova må i større grad sikre at nynorsk blir bruka i regionaladministrasjonen i område der det finst nynorskkommunar eller er tradisjon for nynorsk. Ingen kan gå fri fra det kollektive ansvaret det må vere å verne om nynorsken og nynorskbrukarane.

Mållaget meiner det også må kome sanksjonar for brot på mållova.

– Vi ser at lova blir broten i stor stil år etter år. Når vi no skal få ei ny lov, er det på tide å legge klarare føringar for kva som skjer dersom lovkrava ikkje blir oppfylte, seier Magne Aasbrenn.

ASTRID MARIE GROV  
astrid.grov@nm.no

**MÅLLAGET SPELER INN:** Kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande får innspel til ny språklov frå Noregs Mållag.

Foto: Kulturdepartementet



# Nytt randsoneprosjekt i

**ROGALAND MÅLLAG HAR** nett starta eit heilt nytt prosjekt for å styrke nynorsken i randsone.

Lise Landøy har nyleg starta som prosjektleiar i ei nyopprettet prosjektstilling for prosjektet. Dei første månadene skal ho arbeide mot målbyte i overgangen frå 10. klasse til vidaregåande skule.

#### Vide målsettingar

– Eg har teke kontakt med Studentmållaget i Stavanger og Kongsgård Målungdom for å få til eit samarbeid om å gjennomføre ein besøksrunde på aktuelle skular, fortel Lise Landøy.

Samtidig tek ho kontakt med skulane for å få til besøksavtalar.

**NY I MÅLLAGET:** Lise Landøy er nytildelt prosjektleiar i Rogaland Mållag.

Foto: Model Lab

– Målsettingane med prosjektet er både store og vide, difor det er viktig å konkretisere tiltaka så godt som råd, seier Lise Landøy.

Rogaland Mållag har formulert målsetnaden med prosjektet slik: «Styrkja nynorsken gjennom aktivt satsing i nokre av dei mest tydelege pressområda i fylket. Målet er å nå både utdanningsinstitusjonar frå barnehagar til vidaregåande skular og politikarar og administrasjon i ein del utvalde kommunar i pressområda med informasjon og eit kunnskapsløft for bruk av nynorsk». I prosjektskissa står det i tillegg at «Det skal leggjast ekstra vekt på haldningsskapande arbeid for å hindra byte av målform ved overgang frå grunnskule til ungdomsskule, og frå ungdomsskule til vidaregåande skule.» Lise Landøy er 25 år og bur i Sandnes. Opphavleg kjem ho frå Vær-



# Rogaland

landet i Sogn og Fjordane og er no student ved lektorprogrammet ved Universitetet i Stavanger, ved sida av arbeid. Landøy har mange idear om tiltak som kan setjast i gang.

## Gler seg til arbeidet

– Det er ekstra viktig å sikre nynorsken i prosessane knytte til dei to kommunesamanslåingane av Nye Stavanger kommune, det vil seie Stavanger, Rennesøy og Finnøy, og Nye Sandnes kommune med Sandnes og Forsand, seier Lise Landøy.

I prosjektskissa er desse kommunane peika ut som hovudsatingskommunar, i tillegg til Hå kommune og Rogaland fylkeskommune. Kommunesamanslåingar vil utfordre nynorskbruken i Rennesøy, Finnøy og Forsand. I tillegg er Hå kommune vald fordi kommunen i dag er nøytral,

men likevel er ein av dei største nynorskbrukande kommunane i landet. Han ligg også strategisk til på Jæren.

Støtte frå Mållaget og fylkeskommunen

Prosjektet heiter «Styrking av nynorsk i ransonene» og er sett i gang av Rogaland Mållag. Dei har fått ei løying på 90 000 kroner frå styret i Noregs Mållag. I tillegg har Rogaland fylkeskommune gjeve støtte. Resten av utgiftene med prosjektet vert dekte av Rogaland Mållag sjølv.

– Eg hadde møte med Stavanger Mållag for eit par veker sidan, og det var veldig inspirerande. Det kom fram mange gode idear. No gjeld det å ha god nok økonomi og tid til å setje dei ut i livet, smiler Lise Landøy.

HEGE LOTHE  
hege.lothe@nm.no

## NT LANDET RUNDT

**ROCKESPRÅKET NYNORSK:** I høve fylkesårsmøtet til Naumdøla Mållag i Namdalen onsdag 20. februar vert det føredrag og quiz etter årsmøtet. **Tom Rikard Ostad**, vokalist i Blodsmak og tidlegare redaktør for Pondus, kjem for å snakke om Rockespråket nynorsk.

– Mållaget heiar på all positiv bruk av nynorsk, seier **Martha Krossbakken** til *Namdalsavisa*. Naumdøla Mållag er hovudsponsor for tilskipinga «Vond vinter» med konsert med tungrockbandet Blodsmak og pønkbandet Blånæggel på kulturhuset Kuben på Grong.

**MÅLPRIS FRÅ ROGALAND MÅLLAG:** Suldalsposten rydda fram-sida då **Esther Moe**, redaktør i *Suldalsposten*, vart tildelt Rogaland Mållag sin målpris for 2018. Esther Moe fekk prisen for å vera ein strålande skribent, og heideren fell også på lokalavisa for god bruk av nynorsk.

**ELDRID LUNDEN TIL SKIEN:** Mållaget Dag har laga til ein flott møtevår med fleire spennande møte. Tysdag 19. februar inviterer dei til møte med **Eldrid Lund** om litteraturformidling på lese-salen Brun-osten på Skien bibliotek.

**OPPATTISKIPING AV BORGUND MÅLLAG:** Borgund Mållag i Ålesund har kvilt seg lenge. No inviterer eit interimsstyre til oppattskipingsmøte tysdag 5. mars klokka 17.30 i Ålesund sentrum. Møtet er rett i framkant av eit ope møte om identitet og nynorsk i nye Ålesund kommune.

**SKRIVEKONKURRANSE I GUDBRANDSALEN:** Stiftinga G-Kultur lyser ut ein skrivekonkurranse for unge i alderen 16–30 år med tilknyting til Gudbrandsdalen. Frist for innsending av bidrag er 15. juni 2019. Bidraga blir til bok vinteren 2020.

**MÅLPRIS FRÅ STRANDA MÅLLAG:** *Nettmagasinet PS* på Stranda har fått målprisen frå Stranda Mållag. Prisen skal fremje innsats for og bruk av nynorsk i næringsverksem, melder Sunnmøringen.

**STRIKK OG LYTT:** Fleire lokallag over heile landet er med og skipar til **Strikk og lytt-tilskipingar**, ofte saman med lokale bibliotek. Tingvoll Mållag gjekk saman med Tingvoll Husflidslag i januar og inviterte til Strikk & lytt på biblioteket.

**MINNESMERKE FOR MONS LITLERÉ:** Oddvar Torsheim si ku og Kjartan Slettemark si budeie på Sanden kan få selskap av ein minnestein over nynorskspioneren **Mons Litleré**, melder avis *Firda*. Initiativet kjem frå Naustdal sogelag og Naustdal Mållag. Dei søker kommunen om å setje opp eit halvannan meter høgt minnesmerke i naturstein.

## Bergenskonferansen for nynorsk 2019

**HORDALAND MÅLLAG** har hatt mykje å feire den siste tida, for det har kome mange offentlege vedtak for å styrke nynorsk i vest. På helgeseminaret «Nynorskbyen Bergen» i april rettar laget merksemda mot kva som skjer etterpå, fortel leiar Bjørg Eli Eide.

– Ein ting er å gjøre vedtak, ein annan er korleis dei vert følgde opp. Det vil me bruke konferansen til å undersøkje nærmare.

Seminaret skal ta for seg både nynorskvedtaket i bystyret i Bergen, nynorsk som administrasjonsmål i den nye fylkeskommunen og dei språklege retningslinjene ved Høgskulen på Vestlandet. Det blir også ordskifte om kva plass norsk har i akademia.

Blant deltakarane er både representantar frå det offentlege og frå næringslivet, mellom anna næringspolitisk sjef i Bergen Næringsråd Atle Kvamme, rektor ved Universitetet i Bergen Dag Rune Olsen og språkdirektør Åse Wetås.

## FAKTA

Tid: Laurdag 6. og sundag 7. april 2019

Stad: Hotell Terminus i Bergen

Pris og påmelding: Følg med på <http://hordaland.maallag.no/>

Konferansen er eit samarbeid mellom Bergen Mållag, Hordaland Mållag og Bergen kommune.

**Grunnlaget for målreisinga** er at landsmålet representerte ein norsk i motsetnad til ein unasjonal språktradisjon. Men målreisinga kan ikkje tenkjast utan ei rad andre konfliktlinjer og omsyn som heile tida har spela inn.

# *Dei nynorske prinsippa*

AV ODDMUND LØKENSGARD HOEL

**NÅR NOREGS MÅLLAG** no er i gang med eit nytt ordskifte om prinsipprogrammet, kan det fyrst vera greitt å minna om at mållaget har hatt prinsipprogram under halvparten av levetida si. Det vanlege frå skipinga i 1906 til godt opp i etterkrigstida, var at landsmøtet vedtok valprogram med konkrete krav til dei politiske partia.

Den sterkare ideologiseringa av organisasjonar og politisk

liv i 1960- og 70-åra slo òg inn i målrørsla. Det fyrste som likna eit prinsipprogram var Målreising 1967, og det fyrste som vart kalla eit prinsipprogram vart vedteke på landsmøtet i 1976 etter eit friskt ordskifte. I 1997 fekk det avløysing av prinsipprogrammet som framleis gjeld, så mållaget har ikkje hatt det med å byta prinsipprogram i tide og utide.

## **Nynorsken og det nasjonale**

Det har i lang tid vore ei spenning mellom individualistiske og kollektivistiske tilnærmingar til målsaka. Typiske individualistiske tilnærmingar kan vera at nynorsk ligg nærmere dialekten ein talar, at individuelle språkrettar og det individuelle språkvalet må stå i sentrum, eller at det gjev ein personleg vinst å skriva nynorsk – som jobbmogleheter, betre sidemålskarakter, betre allmenn skriveduglik eller å skilja seg positivt ut. Kollektivistiske tilnærmingar, som «det nasjonale», fokuserer derimot på eigenverdien til språket og på dei gruppene og kulturelle verdiene det er eit uttrykk for. Sett på spissen vil det seia at det er eit gyldig motiv for ein sjølv eller argu-

ment retta mot andre å velja å skriva nynorsk av omsyn til eit større kollektiv sjølv om ein ikkje tener direkte på det. Mitt utgangspunkt er at mållaget må ha med seg og ikkje kan sjå vekk frå dei individualistiske tilnærmingane, men at det som bitt saman og utgjer eit meir samlande grunnlag for målrørsla, er dei kollektivistiske.

For den som driv identitetspolitikk for eit folk – ein nasjon eller ei etnisk gruppe, vil språkspørsmålet alltid trengja seg på. Det vil ikkje seia at det er eit ein-til-ein-tilhøve mellom språk og nasjonar eller etniske grupper. Eit folk kan vera språkkløvd, eller fleire folk kan ha same språk. Men nasjonsbyggjaren kan ikkje sjå bort frå språkspørsmålet.

Den nasjonale eller etniske dimensjonen opptrer likevel ikkje isolert i nasjonsbyggingsprosesar. Sosiale, økonomiske, geografiske/regionale og kulturelle konfliktlinjer av ymse slag vil alltid slå inn. Slik er det òg i språkkonfliktar. Det vil ofte rå useumje mellom ulike nasjonsbyggjarar om kva kulturelle element og sosiale grupper som skal ha føre-

Foto: Ida Berstrøm / UiB



**ODDMUND LØKENSGARD HOEL** er professor i historie ved Høgskulen på Vestlandet og leiar i Luster Mållag. Han har tidlegare vore leiar i Noregs Mållag.



Foto: Wissmann, Carl-Christian / Oslo Museum

rang. I norsk historie er dette særstykkeleg – det har ikkje eksistert eitt, men fleire alternative og tevlaande nasjonsbyggingsprosjekt, og den mest synlege fylgia av denne tevlinga er tospråkstoda.

Det er all grunn til å minna om det sidan eit anten-eller-syn på det nasjonale har prega både ideologiske ordskifte i målrørsla og språkhistoriskrivinga. Eit vanleg syn er kort oppsummert at målstriden tverraust byrja som ein «nasjonal» strid på 1800-talet, som ein freistnad på eit oppgjer med dansk mål i Noreg, men fram mot vår tid har gått over til å dreia seg om mange andre ting, men i liten og ingen grad om «det nasjonale». I språkhistoriske framstillingar (t.d. E.H. Jahr) er det vanleg å peika på rettskrivingsendringane i riksmål i 1907 og 1917 som innførte eit prinsipp om at språket skulle normerast etter (høgare) taalemål i Noreg og dermed tok farvel med dansk i Danmark. Kriminalromanen *Mit navn er Koph av Olaf Bull* skal ha vore den første boka som vart omsett frå riksmål til dansk (1919) for den danske marknaden. Eitt syn på

dette seier då at striden seinare stod mellom to norske skriftmål og dermed ikkje var nasjonal, men sosial.

#### Målstrid som identitetspolitikk

Problemet med slike resonnement er ikkje svaret, men spørsmålet. Freistnaden på å definera essensielt ut frå lingvistiske kriterium kva som er «dansk» og kva som er meir eller mindre «norsk», er problematisk sidan Skandinavia er eit språkleg kontinuum – eit område med gradvis dialektovergangar. Ei tilnærming som etter mi meiner både er meir gjevande og lærerik med tanke på målstriden i dag, er å

studera målreisinga og målstriden som identitetspolitikk. Då blir det vesentleg å sjå korleis grupper definerer seg sjølv gjennom å dra grenser mellom kvarandre, og etniske og nasjonale dimensjonar fell saman med dei andre konfliktlinene som har prega målstriden.

Ivar Aasen forstod kva grensedragninga hadde å seia. I dag vil knapt nokon protestera mot å kalla det språket Grunnlova vart skrivne på i 1814 for «dansk». Det var derimot høgst omdiskutert i samtidia, og utover på 1800-talet vart det både offisiell språkpolitikk og vanleg å kalla det same skriftmålet «norsk». For Aasen var det avgje-

rande å ta eit oppgjer med dette synet. *Norsk Grammatik* (1864) er eit studium i språkleg identitetspolitikk. Dei aller fyrste setningane i hovuddelen i grammatikken slår fast at dialektane har så mykje felles og skil seg så mykje frå både dansk og svensk at dei utgjer «en selvstændig Sprogform», nemleg «norsk». Som språkpolitkar såg Aasen ingen veg fram for landsmålet utan at det kunne reknast med i ein internasjonal språkfellesskap som eit fullverdig språk.

#### Klårgjering av grensene

På dette grunnlaget stod målreisingsideologien lenge fjellstøtt. Landsmålet var det einskaplege skriftelege uttrykket for eit mangfold av norske dialektar, og Aasen gjorde seg til talmann for «Landets Almue» mot «Landets Høvdinger» og «Folkets Formænd» som hadde innført og no heldt oppe dansk språk i Noreg.

Etterfylgjarane til Aasen måtte klårgjera grensene mellom «dei» og «oss» etter kvart som landsmålet vart teke i bruk og målsaka vart politisert. Her er det berre rom for å nemna kort nokre av

*Det har i lang tid vore ei spenning mellom individuallistiske og kollektivistiske tilnærmingar til målsaka.*

Nasjonsbyggjaren  
kan ikkje sjå  
bort frå språk-  
spørsmålet.

desse klårgjeringane i identitetspolitikken til målrørsla.

**(1)** Den unge Arne Garborg prøvde seg i 1870-åra med å ekskludera dei som skreiv dansk-norsk frå den norske nasjonen og rekna dei som ein nyskipa «dansk-norsk» nasjonalitet. Dette synet fekk eit kort liv, men førestillinga om at dei to skriftspråka representerer ei djupare kulturell kløft mellom det unorske og det unorske, har spela ei sentral rolle i målreisingsideologien.

**(2)** Fram mot 1884 fann målrørsla sin plass i Venstrealliansen til Johan Sverdrup der embetsmannsregimet var motstandaren. «Folkesproget» – folkemålet – fann i programmet og retorikken til Venstre plassen sin attåt folkestyret, folkeskulen og anna folkeleg, imot embetsstanden og overklassen elles som vart utdefinert som ufolkeleg og unorsk både i språkvegen og på anna vis. Det nyskipa Høgre stafeste dette friviljug med å røyste unisont mot «Folkesprogets Ligestillen» i mai 1885, stortingsvedtaket som gjorde nynorsk til offisielt språk.

**(3)** Etter kvart som Venstre inntok embetsverket og urbaniseringa skaut fart, kom ei anna grensedraging meir i framgrunnen. Det var fram mot hundreårsskiftet at målstriden verkeleg feste seg som den «by mot land»-konflikten som har prega målspørsmålet heilt opp til vår tid. Dette var ei grenedraging mål-



**«SLUDDER»:** «Vi har ikke tid til slike Sludder», sa Bjørnstjerne Bjørnson om bøndenes språk.

Foto: L. Szacinski (firmaet) / Oslo Museum

rørsla og landsmålmotstandarane først kunne semjast om. Byane var for mange målideologar rota til alt vondt, der «Rotenskapen breider seg», som Klaus Sletten sa det då han stod i spissen for skipinga av Bondeungdomslaget i Oslo i 1899. Riksmålsorganisatoren Bjørnstjerne Bjørnson gjorde det same hausten klart at «Bondens sene, nølende ubestemte Maade at uttrykke sig paa kan være ejendommelig og have sin Interesse; men vi vil have det raskere, klarere – vi har ikke tid til slike Sludder».


Etter hundreårsskiftet vart byane og bydialektane kraftig oppvurderte av målstrategane. Bydialektane er norsk, skreiv målhovdingen Jørgen Løvland i

1904 og korrigerte høfleg Aasens misoppfatning av bymåla. Men målrørsla lukkast ikkje å få inn nynorsk i nokon by på denne tida, og historisk har ingen grenser mellom nynorsk og bokmål vore skarpare enn grensa mellom by- og landkommunar. Det er først i vår tid med nye byar som Leirvik (Stord) og Førde at nynorsk har vorte bruksspråk også i byar.

**(4)** Industrialiseringa aktiverte ei anna grenedraging som hekk nøyne saman med byland-konflikten. På Notodden og Rjukan og i Odda, Tyssedal og Høyanger vart høgst moderne industri planta rett inn i bygder der nynorsken anten alt var inn-

førd i skule og kyrkje eller der språkskifteprosessen var i gang. Målfolk var jamt over ikkje imot industri, berre storindustri som førte til stor bokmålstilflytting til nynorskbygder. Dei ville ha småindustri og elektrifisering på premissane til dei eksisterande bygdenæringerane og bygdekulturen, som på Sunnmøre.

Etter første verdskrig vart det raskt klart for leiande strategar i målrørsla, med Halvdan Koht i spissen, at arbeidarane måtte definera tydeleg innanfor det nynorske, og eit sterkare klasseperspektiv kom inn i målreisingsideologien. Framtida for målreisinga låg i den same alliansen mellom arbeidarar og



**IKKJE NORSKE:** I 1870-åra meinte Arne Garborg at dei som skreiv «dansk-norsk», ikkje skulle reknast som norske.

Foto: Helland & Co. / Oslo Museum

småkårsfolk på bygdene som det veksande Arbeidarpartiet hadde som maktgrunnlag.

(5) Ein femte dimensjon som tidleg kom til, var den geografiske. Målreisinga var i eit halvt hundreår frå slutten av 1800-talet til 1940-åra ein dundrande suksess. Over halvparten av dei 6000 skulekrinsane i landet med 1/3 av alle elevar hadde i 1940-åra gjort vedtak om å innføra nynorsk. Nynorsk kom i bruk i kyrkje, lokaladministrasjon, statsteneste, litteratur, presse og i nokon mon i næringslivet. Nynorsk vart eit vanleg bruksspråk, men svært ujamt fordelt ikkje berre på by og land, men òg regionalt.

Målsaka slo først og sterkest gjennom i vestlandsbygdene, og tilbakegangen etter krigen har vore sterkest på Austlandet og i Trøndelag og har forsterka den regionale utakta. Motstandarane har heilt sidan 1800-talet definert ut nynorsk som eit vestlandsfenomen utan relevans for resten av landet. Samstundes har det lenge òg funnест ulike regionale strategiar i nynorskverda, kanskje meir i praksis enn som ideologi. Dei siste tiåra er kampen for nynorsk på Vestlandet òg støtt opp av ein markant vestlandsk regionalisme, gjerne med utspring i bokmålsbyen Bergen og Bergens Tidende som har eit kontinuerleg behov for å utfordra hovudstaden.

Frå Ivar Aasen si tid til i dag finst altså ei rekke identitetspolitiske grensedragingar som har spela saman der «det nasjonale» alltid berre har vore ein del av det totale biletet. Sjølv om motsetnaden «norsk»–«dansk» ikkje gjev særleg mening i målstriden i dag, kan han ikkje tenkast utan det grunnleggjande utgangspunktet at landsmålet representerte eit nasjonalt språk i motsetnad til ein unasjonal språktradisjon. Noreg har ingen regionale skilje liner med etniske dimensjonar – Vestlandet er ikkje Katalonia. Men målreisinga kan heller ikkje tenkast utan ei rad andre konfliktiliner og omsyn som heile tida har spela inn.

*Etterfylgjarane til  
Aasen måtte klår-  
gjera grensene mel-  
lom «dei» og «oss»  
etter kvart som  
landsmålet vart teke  
i bruk og målsaka  
vart politisert.*

#### Kulturell eigenverdi

Sams for alle dei nemnde tilnærmingane er framhevinga av at nynorsken har ein kulturell eigenverdi – for dei som brukar han, for heile den norske nasjonen og for det internasjonale språksamfunnet. Ein viktig dimensjon som har kome til, er at ein halv million menneske brukar nynorsk som fyrstespråk, uavhengig av kva legitimeringa av dette språket ein gong måtte ha vore. Det at nynorsken har ein eigenverdi for dei som brukar språket, har lenge vore eit viktig grunnlag for ein språkpolitikk basert på grunnleggjande språklege rettar.

Det er all grunn til å diskutera kven av desse tilnærmingane som er viktigast og mest relevant i dag, men utgangspunktet er godt: Det er ei langt meir utbreidd forståing i vår del av verda i dag enn for nokre tiår sidan om at det har ein verdi i seg sjølv og for språkbrukarane å ta vare på eit språkleg og kulturelt mangfald.

Mykje har endra seg sidan Aasen, men det grunnleggjande utgangspunktet hans er det grunn til å festa seg ved: At nynorsk må reknast som eit språk, som seinare vart grunnlaget for ein skrifktultur og eit språksamfunn. Ulike rettskrivingar, skriftnormalar, målformer eller dialektar kan i nasjonale språkpolitikkar skaltast og valtast med. Eit språk har langt større vern i internasjonal politikk, avtalar og institusjonar for å ta vare på mindre brukte språk. Det kan vera godt å ha om det skulle butta imot på heimebane.

To medlemmer i Noregs Mållag, to ulike perspektiv. **Rolf Theil** og **Jens Haugan** svarar på heilt grunnleggjande spørsmål for alle nynorskvenner.

# Kva er vitsen i

**SPØRSMÅLA ER LAGA** av prinsipprogramnemnda i Noregs Mållag, som tek imot innspel til nytt prinsiprogram frå heile laget fram mot landsmøtet i 2020.

## 1 Snakk? – skriv nynorsk / Snakk dialekt – skriv?

«Snakk dialekt, skriv nynorsk» er eit slagord frå Noregs Mållag og Norsk Målungsdom. Er det eit gyldig slagord i dag, eller bør me skilja mellom korleis me talar og korleis me skriv? Er det ein fordel å ha eit skriftspråk som ligg nære talemålet, eller vil det vere lettare å skriva normert språk når ein snakkar dialekt som skil seg frå skriftspråket?

### JENS:

Det gamle slagordet «Snakk dialekt, skriv nynorsk!» har absolutt gjort jobben sin når det gjeld bruken av dialekt på alle arenaer i samfunnet. I utgangspunktet kan ein i dag bruke dialekt meir eller mindre overalt utan å måtte rekne med

negative reaksjonar. Så slagordet gjeld framleis. Kanskje hadde det vore ein idé å seie: Viss du først skal normalisere («knote»), normaliser mot nynorsk i staden for mot bokmål.

### ROLE:

Slagordet «Snakk dialekt, skriv nynorsk» er gåtefullt, sjølv om den lause tolkinga er at alle fuglar skal syngje med sitt nebb og skrive nynorsk. For lingvistar tyder *dialekt* oftast ‘variant av eit språk’ – men kva anna kan ein snakke? For mange tyder *dialekt* ‘ein annan variant av eit språket enn standardvarianten’. Men kan vi ikkje snakke standard nynorsk, og skal ikkje alle skrive nynorsk?

Nynorsk byggjer på norsk folkmål og den nynorske skriftradisjonen, i motsetnad til bokmålet, som byggjer på ein dansk skriftradisjon og «den dannede dagligtale» – i utgangspunktet eit dansk talemål.

Eit skriftmål bør ligge nær talemålet, men treng ei stabil form og

bør ikkje endrast i takt med endringar i talemålet. Strengt teke hadde vi ikkje trunge å endre Aasen-normalen.

Nærleik til talemålet føreset ikkje valfrie former. For dei fleste er det enklast med ei stram norm som ein møter allstad. Valfrie former kom med samnorskpolitikken: Då samleformene kom inn, gjekk ikkje dei tradisjonelle formene ut. Valfridom i standardiserte skriftspråk er svært uvanleg i eit internasjonalt perspektiv.

## 2 Minoritetsspråk eller mindretalsspråk?

Nynorsk og bokmål er likestilte skriftspråk i Noreg, men nynorskbrukarane og nynorskbrukaen er i mindretal. Skal me definera nynorsken som eit minoritetsspråk med dei same rettane som andre minoritetsspråk, eller skal me jobba for ei reell språkleg likestilling mellom bokmål og nynorsk? Kva er minoritetsspråksproblemet til nynorsk? Kva er det med jamstillings-

tanken som er bra, og kva er det med han som er därleg?

### JENS:

Dersom ein definerer nynorsk som eit minoritetsspråk, vil ein risikere at det blir akseptert å bruke nynorsk blant nynorskbrukarar, men at det elles ikkje har nemneverdige rettar i storsamfunnet. Ein ventar til dømes ikkje at alle i Noreg skal kunne lese (eller skrive) samiske språk, kvensk eller andre offisielle minoritetsspråk. Nynorsk og bokmål er dei to offisielle normerte målformene som representerer norsk, og dei må ha dei same rettane på alle arenaene i samfunnet.

### ROLE:

Nynorsken må ikkje definerast som eit minoritetsspråk. Vi må ikkje la manglande gjennomføring av jamstellinga mellom dei to skriftspråka få oss til å gje opp jamstellings-tanken. Reell jamstelling mellom to språk skal ikkje føresetje at dei er like store.




Foto: privat

*Slagordet «Snakk dialekt, skriv nynorsk» er gåtefullt, sjølv om den lause tolkinga er at alle fuglar skal syngje med sitt nebb og skrive nynorsk.*

**Rolf Theil**

**Rolf Theil** er professor emeritus i allmenn og afrikansk lingvistikk ved Universitetet i Oslo.

# med nynorsk?

## 3 Kvifor er me målfolk, og kva er vitsen med nynorsk?

Kva er det med det språklege og kulturelle prosjektet nynorsk som gjer at me er målfolk? Eit lite land med berre 5 millionar innbyggjarar har to ulike skriftspråk som alle må læra. Kvifor? Kva er vitsen med å kjempa for å halda oppe dette vesle språket? Kvifor er det viktig å ta vare på nynorsk i dag og styrkja han i dag? Er det nokon som ikkje bør skriva nynorsk?

### JENS:

Begge målformene – og dansk! – representerer norsk språk- og samfunnshistorie etter svartedauden. Det er enorme mengder med tekstar som har blitt skrivne på landsmål og nynorsk sidan 1800-talet. Dersom nynorsk skulle bli redusert til ein historisk blindveg ved å miste status som offisiell målform, vil alle tekstane frå dei siste 150 åra kunne risikere å bli definerte som historiske raritetar i staden for viktige uttrykk frå medlemmar i eit sam-

funn som blant anna representerer ein motkultur og tankar som fortener refleksjon.

### ROLF:

Nynorsken er ikkje eit lite språk. Det er stort og privilegert. Nynorsk – og ikkje bokmål – er det skriftelege uttrykket for det norske språket. Norsk og dansk-norsk ville vere dei historisk korrekta namna på skriftspråka våre. Då lova om lærarskular blei revidert i 1928–29, var det debatt om namnespørsmålet i Kyrkje- og skulekomiteen og i Stortinget. Med knapt fleirtal blei det vedteke i Lagtinget at namna *nynorsk* og *bokmål* skulle nyttast i lovteksten. Målrørsla gjekk inn for å gje landsmålet namnet *norsk* og riksmalet namnet *dansk*, eventuelt *dansk-norsk* eller *norsk-dansk*.

Det er ikkje noko spesielt at eit land med så mange som 5 millionar innbyggjarar har to ulike skriftspråk som alle må lære. Fleirspråklege samfunn og fleirspråklege individ er det vanlege i verda.

## 4 Me må stå saman om kampen mot engelsk, målrørsla må leggja «små», norskinterne usemjjer til sides

*Det norske språket blir stadig påverka av engelsk. På fleire samfunnsområde erstattar engelsk norsk som bruksspråk, særleg innanfor akademia. Korleis skal norsk møta utfordringane med engelsk? Skal me kjempa for det felles norske språket og leggja kampen for nynorsk til side, eller er det viktigare å behalda nynorsk enn å jobba for det norske språket som heilskap? Er målkampen stor og viktig nok i kampen mot verdsspråket engelsk, eller skal me leggja dei små kampane daude for å vinna den store kampen?*

### JENS:

Påverknaden frå engelsk har ingenting å gjøre med forholdet mellom dei to målformene, så

denne typen problematikk bør ikkje føre til at ein meiner nynorsk kan ofrast. Engelsk trugar per i dag ikkje kvardagsspråket og den språklege identiteten til innbyggjarane i Noreg. Sjølv om norsk (blant anna via dansk) blei svært påverka av tysk i hansatida, gjekk ein ikkje over til å skrive tysk i Noreg. Sjølv med mange länord er norsk framleis norsk.

### ROLF:

Dette er ei svært kunstig problemstilling. Ein kan då verkeleg samarbeide med bokmålsfolk i kampen mot engelsk utan å gje opp seg sjølv.

Dessutan er også kampen mot påverknad frå bokmål viktig. Ein må kunne ha fleire tankar i hovudet samtidig. På visse felt har bokmålsfolk og nynorskfolk sams interesser, på andre felt er det ikkje slik.

Det er ingenting ved den nasjonale kampen mot engelsk som tilseier at nynorsk er mindre viktig.

*Begge målformene – og dansk! – representerer norsk språk- og samfunnshistorie etter svartedauden.*

**Jens Haugan**

**Jens Haugan** er dosent i nordisk språkvitskap ved Høgskolen i Innlandet.

Foto: Høgskolen i Innlandet



*Det er vanskeleg å skjonne  
at over hundre år med  
offisiell likestilling av mål-  
formene ikkje har ført til  
reell likestilling.*

**Jens Haugan**

## 5 Individuelt vs kollektivt utgangspunkt – er nynorsk eit individualistisk eller kollektivistisk prosjekt?

*Skal folk velja nynorsk fordi det heng saman med dialekten deira og identiteten deira, eller fordi nynorsk er eit viktig kollektivistisk prosjekt? Og kva er det som gjer nynorsk til det eine eller det andre? Er nynorsk til for enkeltbrukaren eller for samfunnet? Dersom me argumenterer for at me skriv nynorsk med utgangspunkt i vår eigen identitet, kan me då krevja at andre språkbrukarar som meiner dei har ein annan identitet, skal skriva nynorsk fordi me krev det? Er det til dømes rett at heile skulekrinsen skal avgjera skulemålet ved ein skule, eller er det ei sak berre «dei det gjeld», burde få meina noko om?*

### JENS:

Eit statsspråk er individovergripande og må vere eit kollektivt prosjekt. Dersom ein gjev opp nynorsk som si individuelle målform, er ein med på å undergrave moglegheita for at andre i kollektivet skal kunne halde fram med å bruke nynorsk som si målform. Det er derimot ikkje uproblematisk å krevje at dei som ikkje har valt nynorsk som si målform, skal kunne skrive nynorsk. Dersom norsk med begge målformene, nynorsk og bokmål, skal kunne vere eit kollektivt prosjekt for Noreg som storsamfunn – og kanskje med ein felles front mot engelsk, er ein nøydd til å arbeide med respekt og toleranse for begge målformene. Det kan hende at enda større fokus på at begge målformene er representerte absolutt overalt gjennom heile skolelopet frå barnehagen og opp til høgare utdanning – utan at det såkalla «hovudmålet» kan føre til at den andre målforma i praksis ikkje er representert i dei fleste lærebøkene, vil kunne resultere i at norsk, med begge målformene, blei eit kollektivt prosjekt for alle.

### ROLF:

Nynorsk er – og bør vere – eit kollektivistisk prosjekt. Korkje eit talemål eller eit skriftmål er til for individet. Eit språk er per definisjon eit kollektivistisk prosjekt. Det

norske språket – slik det berre kjem til uttrykk gjennom det nynorske skriftspråket – har ein eigenverdi. Det norske språket kjem ikkje til uttrykk gjennom bokmålet. Bokmålet er dansk med nokre små norske innslag.

Her tillèt eg meg faktisk å bruke ordet *nasjonalt*. Språket er ein sentral del av definisjonen av ein nasjon. Ein kan ikkje forstå framvoksteren av skriftspråka i europeiske land utan å dra inn nasjonalismen, den mest dominante kollektivistiske ideologien i verda sidan slutten av 1800-talet, og like mykje i dag.

I moderne europeisk kultur (i Europa og i europeiske utvandrar-samfunn i Amerika, Afrika og Australia) er individualismen – ofte kalla liberalisme – ein sterkt ideologi, ofte så sterkt at han går på kostnad av det kollektive. Ein sterkt individualisme – eller identitetspolitikk – fører lett til opplosning av dei større kollektiva som gjev den styrken som trengst i kampen mot ein sams fiende.

## 6 Asymmetri eller skjematisk likebehandling?

*Jamstillingsvedtaket opna i si tid for at nynorsk og bokmål skulle stillast likt. Det meste av målstriden har også teke utgangspunkt i at rettane må vera like anten ein er nynorskbrukar eller bokmålsbrukar. Like rettar i praksis kan likevel føra til at det minst brukte språket kjem langt därlegare ut enn fleirtalspråket. Bør vi i større grad gå inn for ulike/asymmetriske verkemiddel (til dømes det stortingsmeldinga Mål og meining kalla «positiv diskriminering») for å vega opp for det skeive utgangspunktet, eller er vi best tente med å stå fast ved at tiltaka og rettane skal vera like?*

### JENS:

Det er vanskeleg å skjonne at over hundre år med offisiell likestilling av målformene ikkje har ført til reell likestilling. Så lenge som heller ikkje staten klarer å bruke begge målformene i like stor grad, vil det vere behov for såkalla positiv diskriminering. Stortingsmeldinga *Mål og meining* er eit av dei mest tydelege og progressive dokumenta som har blitt skrive om norsk

språkpolitikk. Det er ei skam at denne stortingsmeldinga i praksis er ukjend for dei fleste, og at den i veldig liten grad har blitt følt forpliktande og blitt følgd opp. Det er ikkje nok å skrive politiske dokument, ein må også gjennomføre det ein har vedteke.

### ROLF:

«Positiv diskriminering» er eit svært utbreitt verkemiddel i alle demokratiske samfunn. Det blir nytta for å fjerne «negativ diskriminering». «Positiv diskriminering» har vore nytta i periodar i mange land til dømes for å redusere diskrimeringa av kvinner eller av underprivilegerte grupper av ulike slag.

## 7 Språkleg konkurranse eller språkleg mangfold?

*Dei seinare åra har målrørla gått meir og meir over til å snakka om og fremja språkleg mangfold i staden for berre nynorsk. Kor langt strekkjer mangfoldstankegangen seg, og kven rommar han? Tenker vi på same måten om bokmål som samisk i det språklege mangfaldet vi vil ha i framtida? Kan mangfaldet bli så stort/dominerande at det går ut over det rimelege rommet nynorsk bør ha?*

### JENS:

Sjølv sagt skal vi ha språkleg mangfold i Noreg. Nynorsk konkurrerer ikkje med samisk. Nynorsk er den eine av dei to offisielle målformene som representerer norsk, som er det offisielle statsspråket i det norske storsamfunnet. Det rokkar ikkje ved statusen til samisk, men nynorsk kan ikkje miste status fordi ein også har eit anna språk som har status. Eit alternativt, men uønskt, perspektiv ville vere å gjere nynorsk til eit minoritetsspråk, og at dette språket blei knytt til det nynorske kjerneområdet, som i neste omgang måtte ha rett til å ha eit eige nynorskting, og til dømes forvalte sitt eige språk ut frå eigne vurderingar, uavhengig av Språkrådet og anna innblanding frå storsamfunnet.

### ROLF:

Det er ingen motsetnad mellom å kjempe for rettane til nynorsken og det å sjå at det er eit språkleg mang-



fald i verda og i Noreg, eit språkleg mangfold som vi står.

Det er ingen grunn til å tenke på same måten om dei samiske språka og bokmål. Dei samiske språka er minoritetsspråk og urfolksspråk. Bokmål og nynorsk er språka til majoriteten, og dei trugar dei samiske språka. Bokmålet trugar nynorsken, og ikkje omvendt.

## 8 Er nynorsk eit språk eller ei målform?

*Kan både bokmål og nynorsk vera norske, men like fullt to ulike språk? Har det noko å seia kva formuleringar me bruker? Har eit språk andre rettar enn ei målform – bør det ha det?*

### JENS:

Sjølv om nynorsk også kan reknast som eit eige språk, bør nynorsk i



Foto: NTB Scanpix

språkpolitisk samanheng reknast som éi av dei to offisielle målformene som representerer det norske statsspråket. Skal nynorsk vere ei offisiell målform som alle aksepterer, og som mange vel som si personlege målform, må nynorsk vere norsk. Det vil seie at ord og uttrykk kjennest naturlege for den enkelte språkbrukaren. Polemiske utfall frå begge sidene, der ein rakkar ned på konkrete ordformer som tilhøyrande den andre målforma, og som dermed er «uakseptable», er på lang sikt ikkje fruktbare. Det hjelper ikkje nynorsken dersom ein meir eller mindre desperat prøver å luke ut alle ordformer som kan likne på bokmål, når desse ordformene er vanlege i dei fleste dialektene. I «verste» fall kan ein risikere at nynorsk blir like fjern for enkelte språkbrukarar som dansk var i dei hundreåra dét var

det einaste offisielle skriftspråket i Noreg. Alle levande språk må vere dynamiske og kunne ta opp i seg nye ord og eventuelt grammatiske trekk. Dersom ein vel ei snever og puristisk tilnærming til nynorsk, vil ein redusere målforma til nettopp eit skriftspråk, på lik linje med latin eller esperanto. Det vil fungere i ei viss tid – til det blir så tront at det ikkje eignar seg som brukspråk lenger. Norsk er nynorsk og bokmål, som er to ulike skriftlege normeringar for alle dei norske talemåla.

#### ROLE:

Bokmål og nynorsk kan begge vere norske, og like fullt to ulike språk. Dei er begge norske i den tydinga at dei er språk som primært høyer heime i Noreg og primært blir nyttta av nordmenn. Men berre nynorsk er norsk i den tydinga

at det byggjer på norsk folkemål. Bokmålet er dansk-norsk.

Bokmål og dansk står nærmare kvarandre enn bokmål og nynorsk. Då blir det absurd å seie at bokmål og nynorsk er «målformer» av det same språket og at dansk er eit anna språk. Frå 1885 og eit lite stykke inn på 1900-talet hadde vi ein ganske spesiell språksituasjon i Noreg. «Det norske språket» fanst i to «målformer», og den eine målforma var identisk med det offisielle danske språket i Danmark.

Termen *målform* blei laga for dansk-norskens skuld. Det følger av § 33 i grunnlova at «det norske Folkesprog» og «vort almindelige Skrif- og Bogsprog» begge blei rekna som norske. Når to ulike skriftspråk begge blei rekna som norske, trontg ein eigen terminologi, som kom kort tid etter jamstilingsvedtaket i 1885 – jamfør § 73 i

lov om Folkeskolerne paa Landet, frå 1892: «Undervisningen skal foregaa i det norske Sprog. Skolestyret bestemmer, om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede paa Landsmaal eller i det almindelege Bogmaal, og i hvilket af disse Maal Elevernes skriftlige Arbeider i Almindelighed skal affattes.

Her er *Sprog* nyttta i uttrykket «det norske Sprog». Maal blir derimot nyttta om dei skriftlege variantane av «det norske Sprog», nemleg *Landsmaal* og det *almindelige Bogmaal*. Snart blei *Maal* bytt ut med *Maalform*, mellom anna i lov om Lærerskoler og Prøver for Lærere og Lærerinder i Folkeskolen af 18de Januar 1902, som innførte obligatorisk sidemålsksamten. Dei som hadde *Landsmaal* som hovudmål, fekk *det almindelige Bogmaal* som sidemål, og omvendt.



# SOGNDAL FOTBALL

## - på lag med nynorsken

stao no pao

 Sparebanken Vest

 Lerum

Helga 18.–20. januar var om lag **40 målungdommar** frå heile Noreg samla på Eina på Toten for å lære meir om dialekt. I tillegg til fagleg påfyll gjennom gode innleiingar var det lagt opp til sosiale aktivitetar som skitur og handarbeid.



**UNG MORO:** Målungdomar frå heile landet var samla til vinterleir på Eina på Toten.

Foto: Anna Sofie Ekeland Valvatne

# Vår fyrste vinterleir

**DEI ALLER FLESTE** av oss kom til Eina fredag kveld og vart tatt godt imot med brødmat på Skogstad leirstad. Ein sentral del av leiren var innleiingar av diverse kloke folk. Fyrste innleiing var på fredag, ei lita stund etter at vi kom. Då vart vi ønskete velkommen til Toten av ein innfødd, og fekk lære om den lokale dialekta. Vidare på fredag snakka professor i nordisk språkvitskap, Brit Mæhlum, om korleis det står til med flatbygdmåla. Ho fortalte at folk ofte ser ned på dialektane, og at standaridisert austlandsk spreier seg fort utover heile landsdelen.

## Innleiingar

Ein annan viktig del av leiren var å verte kjend med nye dialektforkjemparar og få nye vene. Derfor hadde vi fleire morosame og sosiale leikar, for mellom anna å få høyre rare fakta om kvarandre og lære oss namna på alle leirdeltakarane. Dette var organisert etter ein velsmakande og etterlengta tacommiddag. Vidare utover kvelden spelte vi brettspel, diskuterte språk og dialekt, og hadde høgtlesing av gamle avisar.

Neste dag av leiren var det duka for nye innleiingar. Etter frukost kunne ein mellom anna få høyre om kva

det var Ivar Aasen eigentleg ville. Leiar i NMU, Fredrik Hope, fortalte om korleis Ivar Aasen tenkte som ung, og korleis heile nynorskprosjektet byrja.

## Skitur og fag

Etter påfyll av ny lærdom om agendaen til Ivar Aasen var det klart for eit av høgdepunkta på leiren, den store skituren, for dei som liker slike. Vi var litt i tvil om kvar vi skulle gå, men etter å ha teke ein sjanse og forhøyrt oss med eit lokalt gamalt ektepar, var det ikkje tvil om kvar løypa gjekk. Først var høveleg for ski, og dei fleste av oss hadde valt rett smurning og fekk god glid. Trass i iskalde temperaturar vart vi sveitte og gode av turen, og fann ut at det var best for alle at vi tok oss ein dusj før vi heldt fram med resten av programmet den dagen. Fleire innleiingar og meir fagleg påfyll stod for tur.

## Dialektar heime og ute

At unge ikkje pratar dialekt lenger, er ei kjend sak. Margit Fausko frå Hemsedal fortalte om korleis ein aktivt kan få unge til å prate dialekt igjen, til dømes ved å arrangere dialektleir. Ein annan idé er å lære om dialekta si på skulen.

Det meiner Sigrun Heimdal, som også heldt ei innleiing for oss. Ho har i samarbeid med fleire laga ei nettside for numedalsmål, der ein både kan høre og lese mange gode dialektord.

Etter to dagar stappa med ny lærdom om norske dialektar var det på sundag på tide å lære om dialektar rundt om i verda. Professor Rolf Theil gjorde oss rike på kunnskap om skilnaden på språk og dialekt og korleis dialektystema er i andre land. Han kunne mellom anna fortelje at sosialektar og eit eige språk for eliten ikkje er vanleg i så mange andre land.

## Meir enn vellukka

Formålet med vinterleiren var å sette dialekt på agendaen, verte meir bevisst og lære meir om korleis vi snakkar, og ikkje minst få nye kjenningar blant målungdomane i landet. Programmet var bra, vi har lært mykje nytt, og alle deltakarane var tilsynelatande nøgde med Vinterleir 2019. Det kan utan tvil konkluderast med at leiren var meir enn vellukka, og at vi ville tatt turen ein gong til.

MARIT VOLDSUND FJELDVÆR  
OG JAN ERIK VELTRUP



**FREDRIK HOPE**  
Leiar i Norsk Målungdom

